

Hei,

Jeg ønsker med dette å gi mitt innspill til høringen angående vindkraft på land generelt og spesielt for Planar om vindkraftutbygging i fjella mellom Viksdalsvatnet og Høyanger.

Generelt

Hvis utgangspunktet er at det trengs energi fra vindkraft for å gi et bidrag til bedre miljø så er det kun et spørsmål om lokalisering av vindturbiner.

Vi ser at mesteparten av vindkraften som er landbasert i Norge er blitt kjøpt opp av utenlandske interesser spesielt i Tyskland. Realiteten er at vindkraften kan produseres i Tyskland i landskaper av eng og jord og hvor det relativt enkelt lar seg gjøre å dekke til skadene når et anlegg tas ned. Likevel er det så stor motstand i Tyskland at det bygges svært få vindmøller. Grunnen er at Norge tilbyr subsidier for å bygge ut norske landskap i fjell og kystlandskap hvor det vil være umulig å reparere eller dekke til skadene som påføres.

Nordmenn er sterkt knyttet til naturen og det har en stor betydning for folkehelsen. Det foreligger ingen god forklaring på hvorfor Norge skal ødelegge sin natur for at andre land skal skåne sine egne innbyggere og sin egen natur.

Planar om vindkraftutbygging i fjella mellom Viksdalsvatnet og Høyanger.

Dette foreslåtte området for utbygging, er innfallsporten til Sunnfjord, dekker innseilingen til Sognefjorden og er godt synlig fra fjellområdene i Sogn og Fjordane helt til og med Hurrungane i øst. I denne saken la utbyggingselskapene frem direkte feilperspektiver for hvordan det vil se ut. Det er forstemmende at NVE sin representant tilstede gir sin tilslutning og gir det hele offisielt stempel ved ikke å si et ord om at dette er feil. Hestadgrend Grendalag har fått utarbeidet en konservativ visualisering som viser hvor sterkt dette påvirker oss i Viksdalen, se vedlagt dokument. Hestadgrend Grendalag har utarbeidet en uttalelse som dekker alle forhold ved denne utbyggingen og jeg stiller med fullt og helt bak denne, se nedenfor;

«Uttale frå Hestadgrend Grendalag – Planar om vindkraftutbygging i fjella mellom Viksdalsvatnet og Høyanger.

Hestadgrend Grendalag vil med dette kome med uttale til planane om vindkraftutbygging i fjella mellom Viksdalsvatnet og Høyanger. Vi vil med dette beskrive grenda i dag, og dei viktigaste momenta knytt til grenda og påverknad frå vindkraftutbyggjing i fjella her.

Hestadgrend i dag

Hestadgrend er ei grend midt i Gaular, langs Viksdalsvatnet og Hestadfjorden. Grenda opplever for tida ein auke i folketal og fleire nye barnefamiliar som buset seg. Her er mange hytter og fritidsbustader, samt aktive gardsbruk med mjølk, kjøtproduksjon og reiselivsverksemd. Kulturlandskaper er godt vedlikehelde, og fleire turstiar er siste åra merka og tilrettelagt for ferdsel. Dette delvis som resultat frå grenda si deltaking i fylkesmannen sitt bygdeutviklingsprosjekt for nokre år tilbake.

Grenda er rik på kulturminner og har tilrettelagt for ei eiga kulturminneløype rundt Hestadfjorden. Særleg framstår Hestad Kapell som eit viktig kulturminne, på Øyra, eit landskapsvernområde mellom Hestadfjorden og Viksdalsvatnet. I tilknyting til kyrkjestaden på Øyra, er fortids/kulturminnet ved den gamle kyrkjevegen frå Sogn over Bruraskaret til Hestad.

Reiselivsverdiane i grenda heng saman med kulturminnene, landskapet, vassdraget og den urørte naturen. Nasjonal Turistveg prosjekterer to nye rasteplassar langs Nasjonal Turistveg Gaularfjellet. Begge desse plassane ligg i Hestadgrend. Eine plassen i tilknyting til Hestad Kapell og ein ved

Eikelandsfossen. Begge stader investerer det offentlege millionar på infrastruktur knytt til reiselivet langs Nasjonal Turistveg.

Om utbyggingsplanar for vindkraft og konsekvensar av desse:

- Utbyggjarar av vindkraft har presentert det aktuelle område for vindkraft i grenda vår til å vere fjella på sørsida av Hestadjorden og Viksdalsvatnet. Utbyggingsområdet strekkjer seg frå Blåfjellet/Storefjellet i vest til Jemdalsnova i aust, og vidare austover over Snøheia og mot Holsnipa. Dei høgaste fjellpartia i den nordlege delen av desse fjella er mest aktuelle for utbyggjarane. Sjå vedlagte kart.
- Det er munnleg frå utbyggjar førelagt planar på om lag 25 vindturbinar mellom Blåfjellet og Snøheia. Antalet er omtrentleg og avhengig av teknologi og økonomi. Vindturbinane vil ha ei høgde på omkring 200 meter utifrå dagens teknologi. Men med notidas teknologiutvikling og økonomi i utbyggingane, kan framtidas turbinar også i desse vindkraftprosjekta bli opp mot 300 meter i total høgde, med høgintensitets lys i toppen av turbinmasta. Turbinane vil verte synlege frå storparten av busetnaden i grenda og frå storparten av Nasjonal Turistveg. Sjå vedlagd visualisert framstilling.
- Støy frå vindkraftturbinar er eit lite belyst tema, men som vi ser frå realiserte vindkraftverk har fått store verknader for dei som bur i omkrets innanfor 3,5 km frå turbinane. Erfaringar og ny kunnskap tilseier at støy frå vindkraftverka vil få verknader for grenda og heile dalføret. Sjå vedlegg målingar gjort ved Lista vindkraftverk av TFØ.
- Utbyggjarar har opplyst at krafta frå vindturbinane må inn på ei 132 kv linje. Uansett kva veg ein går i fjella, er det nokre mil til ei 132 linje. Evt vindkraftverk vil difor utløyse behov for nye kraftlinjer, ein kostnad som igjen i hovedsak vert belasta lokal nettleige.
- Vindkraftverka vil medføre store irreversible inngrep i naturen i fjella i form av m.a. vegar, fyllingar, standplassar for turbinar og framføring av linjer. Desse inngrepa vil medføre varig reduksjon av naturverdiar og biologisk mangfald i fjella våre. Det vil medføre restriksjonar i ferdsel i fjella, og dermed påverknad for beitedyr og jakt i områder, i tillegg til påverknad på generell friluftsliv i området.
- Alt etter vind og vertilhøve går inn- og utflyging frå flyplassen på Bringeland anten over Gaulardalføret eller Førdedalføret. Dei planlagde vindturbinane vil liggje i traseen for ruta over Gaular.
- Gaularvassdraget vart vedteke varig verna i 1993, gjennom Verneplan 4 for vassdrag. Vernet gjeld heile nedslagsområdet, inkludert sidevassdraga. Storparten av det prioriterte området for vindturbinar ligg innanfor verneområdet (sjå vedlagt kart over det området Zephyr/BKK meiner er aktuelt utbyggingsområde). Vernet legg sterke restriksjonar på bruk av området for oss som bur, eig og har livsgrunnlaget vårt i grenda. Restriksjonane gjeld alle former for utbygging og bruk av ressursar, også småkraftutbygging., og næringsutviklinga i lokalsamfunnet har fleire avgrensingar p.g.a. verneforskriftene. Vindkraftverk i fjella og nedbørsfeltet til vassdraget er i strid med verneplanen for vassdrag, og vil sterkt redusere verdiane som vassdraget er verna med bakgrunn i.
- Vindkraftverk i fjella vil medføre reduksjon i eigedomsverdiane i dalføret, og dermed også eit svekka nærings- og livsgrunnlag i grenda.

Kompensasjon og erstatning knytt til vindkraftutbygging

Grunneigarar som lyt avgje grunn til vindkraftverka vert lova kompensasjon. Denne kompensasjonen eller erstatninga er oftast produksjonsavhengig. Vi ser frå tidlegare vindkraftprosjekt, og realiserte utbyggingar at denne kompensasjonen/erstatninga som oftast vert lågare enn først førespegla. Dagens lovverk knytt til konsesjonsvilkår medfører også ei usikker fordeling av kompensasjon/erstatning mellom grunneigarar. Avklaringar knytt til dette vil krevje framtidig

jordskifte. Dette er prosessar som tek lang tid (10-15 år før avklåring), og som i tillegg kan medføre privatrettslege konflikhtar mellom grunneigarar.

Andre busette i området får ingen erstatningar, sjølv om vindkraftverka reduserer verdjar på eigedomar og innskrenkar næringsgrunnlaget i landbruk og reiseliv. Områder med realiserte vindkraftverk kan vise til redusert verdi på eigedomar, og redusert verdi på hytter/fritidshus. På Lutelandet ser ein no verknadane av nettopp dette, ved at det er full stogg i all eigedomsutvikling, busetnad og ferie/fritidsinteresser.

Vindkraftverka er lågt skatta, og betalar kun eigedomsskatt til kommunen. Dette er kun ein brøkdel av skattlegginga på vasskraftverk.

Vernet av Gaularvassdraget

Gaularvassdraget er gjennom Verneplan 4 for vassdrag verna som type referansevassdrag. Med dette følgjer det strengaste vernet. St.prp 118 seier m.a.: «Inngrep som skjer utenfor selve vannstrengen kan ha vesentlig innvirkning på verneverdien». Det er utarbeidd Rikspolitiske retningslinjer som gjeld i nedbørfeltet til Gaularvassdraget, og i vassdragsrapport til Samla Plan, vassdrag nr 337, Gaularvassdraget, er dei ulike verneverdiane klassifiserte. Gaularvassdraget har fått 4 stjerner på alle klassifiseringane, noko som betyr topp verdi innanfor naturvern, friluftsliv, vilt, fisk og kulturminnevern.

Det er difor svært underleg at NVE no finn at området ikkje har viktige verdjar. Problemet med press mot naturen frå andre interesser ved verna vassdrag var også omtala i verneplan 3. Statens Friluftsråd seier her m.a. "Verneinteressene her er sammenfallende og totalt sett meget store". St.prp. nr 118, side 8 seier at «Stortinget har tidlegare uttalt at en skal forsøke å hindre at andre inngrep enn vassdragsutbygging reduserer verneverdien i vassdragene», og «Utgangspunktet for vernet er at hele vassdragets nedbørfelt er vernet dersom ikke noe annet er uttrykkelig fastslått i vernevedtaket».

Gaular kommune har vedteke ein forvaltningsplan for heile nedbørfeltet i samsvar med Rikspolitiske retningslinjer. Fjellområda har her fått det strengaste vernet. Det er difor strenge restriksjonar på alle typar inngrep i Gaularvassdraget sitt nedbørfelt. Dette gjeld m.a. all bygging, av vegar og alle inngrep i terrenget, utnytting av sidevassdraga til småkraftverk m.m. Grunneigarane og lokalsamfunnet sin handlefridom og sjanse til utnytting av ressursane i nærområdet er såleis sterkt avgrensa.

Samfunnspolitik

Vindkraftprosjekt i fjella mellom Høyanger og Gaular vil ha ein høg kostnad for det lokale samfunnet her i form av konsekvensar forklart ovanfor. Både lovgjevinga omkring energikonsesjonar, framstilling av behov for krafta og andre alternativ med lågare kostnad for det lokale samfunnet, samt skatteinsentiva som ligg bak framdrifta av vindkraftprosjekta, gjer oss uroa for den demokratiske prosessen knytt til kraftpolitikk og vindkraftkonsesjonar. Dette krev tydelege lokale politikarar som har beina godt planta i perspektivet frå grendene og som dei som de representerer. Vi finn få samfunnsmessige gevinstar ved vindkraft som tilfell oss her i grenda, men derimot uboteleg skade for framtida og miljøet i grenda.

Oppsummering

Med denne bakgrunnen er det utenkjeleg at fjellområdet mellom Gaular og Høyanger kan vere med i ein rammeplan for vindkraftutbygging. Høyanger kommune har sagt nei til vindkraftutbygging i sine fjell.

Vindkraftutbygging i fjella vil medføre øydelagt natur i fjella og redusert nærings- og busettingsgrunnlag i grenda. Dei lokale ulempene er ekstremt store ved vindkraftutbygging, medan den lokale gevinsten er ubetydeleg sett i samanheng. Det bør vere sjølv sagt at eit område med så store verneverdjar og så sterke andre interesser er uaktuelt for så voldsomme inngrep. Vi fryktar for både grenda, dalføret og heile området sin attraktivitet og si framtid dersom vindkraftprosjekt i fjella vert realisert.

Vi krev difor at fjellområdet mellom Gaular og Høyanger vert teke ut av rammeplanen for vindkraftutbygging, og at kommunen seier tydeleg nei til vindkraftprosjekt i fjella i Gaular.

For Hestadgrend Grendalag
Leiar Ingunn Kjelstad».

Jeg støtter fullt og helt Hestadgrend Grendalag og krever at fjellområdet mellom Gaular og Høyanger blir tatt ut av rammeplanen for vindkraftutbygging.

Einar Ågotnes

Vågsvegen 18
6973 Sande i Sunnfjord

| M +47 92 69 18 47
Einar.agotnes@gmail.com
einar.agotnes@technipfmc.com

VINDTURBINER I GAULAR VISUALISERET

METODE

Dette materiale består af en række visualiseringer af vindturbiner placeret på fjeldene i og omkring Gaular kommune.

Metoden som er anvendt består i at placere renderede modeller af vindturbinerne på virkelige fotografier taget i udvalgte placeringer i området nord for udbygningsarealet (Hestad + Viksdalsvatnet). Der er valgt 7 placeringer langs "Nasjonal Turistveg" 610 og det vernede vassdrag i bunden af dalføret. Vinklerne er i derfor relativt konservative da denne rute ligger lavest i dalføret og turbinerne naturligvis vil være mere synlige om man bevæger sig længere op ad fjeldsiderne eller op på fjeldtoppene.

Metoden er opdelt i flere led.

Der er tegnet 3D modeller af vindmøller ud fra størrelse og udformning af en Vestas 4MW platform. Modellen i dette materiale er en Vestas V150 4.2 MW. Denne har en trebladet rotordel med en diameter på 150m. Modellen blev nævnt som sandsynlig til området af udbyggerne under informationsmøde om projektet for beboere i Gaular Kommune.

Højden af turbinerne kan variere efter den lokale placering og parametre hos udbyggeren. Hub'en er i dette materiale sat i en højde på 115m over placeringspunkt på fjeldet og dette giver da en samlet højde for turbinerne fra fundament til vingespids på 190m når vingerne er i øverste position. Under ovennævnte møde informerede udbygger om en forventet total højde for turbinerne på mellem 190m og 220m. Materialet her er begrænset til bare 190m for at være konservative. En generisk, letmat hvid materialitet er valgt til alle turbinedele.


Rhino3D er anvendt til modellering og pladsering af turbiner og fjeld.

QGIS er anvendt til konvertering af kortdata.

Blender er anvendt til fotokalibrering og rendering.

Affinity Photo er anvendt til endelig fotomontage.

Højde: 190m



Modellen af fjeldet som turbinermodellerne er placeret på er baseret på data fra Kartverkets net tjeneste www.hoydedata.no. Nasjonal Høydemodel DTM 10 for sone 33 er anvendt til at danne en præcis model af fjeldene under udbygningsarealet.

Hvert perspektiv er kalibreret i forhold til mindst 3 hinanden tilsvarende kendte punkter i kortmaterialet og på billeder og kalibreret vertikalt i forhold til 1.8m over tærrenmodel og gennemsnitligt tilpasset silhuetterne i horisonten for mindst usikkerhed.


Afgrænsning af udbygningsareal og placering af turbiner er aflæst fra udleveret præsentationsmateriale fra udbyggere Zephyr og Fred. Olsen Renewables som to aktuelle udbyggere i området. Der er i alt placeret 70 turbiner jævnfør nævnte kortmateriale.


Der er flere usikkerhedsmomenter i materialet som må være bevidst. Af disse kan nævnes bl.a. indtil 10 meters præcision i data fra Kartverket, nøjagtighed på turbinemodel, materialitet og højde, usikkerheder i kalibrering af fotomateriale.

Disse er dog af begrænset konsekvens for de endelige visuelle effekter i dette materiale da usikkerhederne skal være meget store for at have bare begrænset indflydelse på slutresultatet. Den vigtigste usikkerhed for de enkelte visualiseringer er placeringen af turbinerne og disse er gjort ud fra tidlige plankort. Det er muligt at placere turbinerne således at de kun i meget begrænset udsnit er synlige fra netop disse valgte placeringer. Men dette er i hovedsag irrelevant fordi at turbinerne da bare ville være tilsvarende mere synlige fra andre vinkler langs dalføret.

I dette materiale er eneste solide metode at begrænse synligheden af turbinerne at begrænse placeringen til længst muligt inde på fjeldene. Men da begrænser man også udbygningsarealet og baggrunden for udbyggelsesplanerne tilsvarende.

I dette materiale er der derfor udelukkende forholdt sig til de udvalgte perspektiver og placeringer som forelagt.





AVGRÆNSNING ●

TURBINE ●



PERSPEKTIVER



PERSPEKTIV A: VIKSDALSVEGEN V. STORKJØENESET



PERSPEKTIV A: VIKSDALSVEGEN V. STORKJØENESET + VINDTURBINER



PERSPEKTIV B: RONNEN



PERSPEKTIV B: RONNEN + VINDTURBINER



PERSPEKTIV C: STRANDEN VED ØYRA



PERSPEKTIV C: STRANDEN VED ØYRA + VINDTURBINER



PERSPEKTIV D: BEDEHUSET



PERSPEKTIV D: BEDEHUSET + VINDTURBINER



PERSPEKTIV E: VEGEN MOT VÅGEN



PERSPEKTIV E: VEGEN MOT VÅGEN + VINDTURBINER



PERSPEKTIV F: KIRKELISUND BRU



PERSPEKTIV F: KIRKELISUND BRU + VINDTURBINER



PERSPEKTIV G: EIKELANDSFOSSEN



PERSPEKTIV G: EIKELANDSFOSSEN + VINDTURBINER

Visualiseringer udarbejdet aug.-sep. 2019
for Hestadgrend Grendalag, Gaular Kommune.